



Vedtekter for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Sist endra 28.04.21.

§ 1 Føremål

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er det øvste studentdemokratiske organet ved Høgskulen i Volda (HVO). Studentparlamentet skal arbeide for studentane ved HVO sine faglege, velferdsmessige og demokratiske rettar, og fremje studentane sitt synspunkt ovanfor utdanningsinstitusjonen.

Underlagt Studentparlamentet finst følgjande organ; Studentparlamentet, parlamentet sitt valde Arbeidsutval (AU), Studentrådet og Fadderveka i Volda.

§ 2 Styringsdokument

§ 2-1 Vedtekter

Vedtektene er organisasjonen sine overordna, formelle reglar, og er styrande for all aktiviteten i Studentparlamentet. Vedtektene legg føringar og er styrande også for dei andre styringsdokumenta i organisasjonen. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal i Studentparlamentet, jf. § 2-7.

§ 2-2 Valreglement

Valreglementet til Studentparlamentet gir retningslinjer for førebuing og gjennomføring av val i studentparlamentet. Dette gjeld ved val verv i Studentparlamentet, studentrepresentantar i råd- og utval, samt tillitsvalde. Endringar i valreglementet krev også 2/3 fleirtal, jf. § 2-7.

§ 2-3 Prinsippprogram

Prinsippprogrammet er eit dokument om Studentparlamentet sine overordna mål, som går over ein fireårsperiode. Kvart fjerde år skal nytt prinsippprogram vedtakast, men det kan reviderast kvart år.

§ 2-4 Arbeidsprogram

Arbeidsprogrammet er retningslinjene for Studentparlamentet sitt politiske arbeid for det komande studieåret. Arbeidsprogrammet skal vedtakast kvart studieår. Programmet kan reviderast ytterlegare etter høve.

§ 2-5 Budsjett og økonomistyring

Budsjettet er Studentparlamentet sitt styringsdokument for den økonomiske drifta av organisasjonen. AU har ansvar for å utarbeide forslag til budsjett og leggje det fram for Studentparlamentet. AU har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane med inntil 5000 kr per semester. Større endringar må vedtakast av Studentparlamentet, som kan revidere budsjettet ved behov.

Rekneskapet følgjer kalenderåret, og blir lagt fram for godkjenning ved første parlamentsmøte etter årsskiftet.

§ 2-6 Forretningsorden

Forretningsorden for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda fastset reglar og retningslinjer for ordskiftet i parlamentsmøta.

§ 2-7 Endringar i styringsdokumenta

Endring i Studentparlamentet sine vedtekter og valreglement krev 2/3 fleirtal i parlamentet. Gjeldande vedtekter/valreglement blir lagt til grunn for endringsforslaga. Behandling av vedtekter og valreglement skal varslast to veker før møtet, og endringsforslag sendt ut saman med øvrige sakspapir ei veke før møtet, med innstilling frå AU. Det er mogleg for medlemmar i AU å ta ut dissens. Endringar i vedtekter og valreglement trer i kraft når endeleg dokument er vedteke, om ikkje anna er presisert i vedtaket.

Dei øvrige styringsdokumenta kan endrast med ordinært fleirtal, og krev ikkje særskilt varsel for å bli behandla.

§ 3 Studentparlamentet

§ 3-1 Samansetning

Studentparlamentet er studentdemokratiet sitt øvste organ, og skal ha representantar frå alle avdelingane ved HVO. Det er sett saman av elleve faste studentrepresentantar og elleve varaer. Av dei elleve faste representantane, skal åtte vere likt fordelt frå dei fire avdelingane. Dei resterande tre er frie representantar, og fungerer som utjamningsmandat. Detaljar knytt til gjennomføring av valet er nærare beskrive i Studentparlamentet sitt valreglement, § 1.

§ 3-2 Representantane sitt verkeområde

Representantane i Studentparlamentet har i oppgåve å representere studentane gjennom t.d. å forhøyre seg på sine avdelingar og studium om saker parlamentet handsamar, slik at Studentparlamentet får fram studentane sine synspunkt.

Representantane står fritt til å ta opp saker ein ønskjer å setje på dagsorden gjennom å spele dei inn til AU. Representantane gjer vedtak i saker AU førebur for parlamentet. AU står til ansvar ovanfor representantane i Studentparlamentet når det gjeld å følgje opp saker og vedtak gjort av parlamentet.

Det skal, så tidleg det let seg gjere, veljast inn studentrepresentantar til HVO sine råd og utval for inneverande studieår.

§ 3-3 Arbeidsgrupper

Studentparlamentet kan setje ned ei arbeidsgruppe når dei ser behov for det.

Arbeidsgruppa skal verte gitt eit mandat, og det skal utpeikast ein leiar som har ansvar for møteinnkalling, kontinuitet i arbeidet og rapportering til

Studentparlamentet.

§ 4 Møteregelement for møta i Studentparlamentet

§ 4-1 Fristar for gjennomføring av møte i Studentparlamentet

Innkalling til parlamentsmøta skal skje seinast 14 dagar før møtedagen. Saker til sakslista må vere sendt til AU seinast 10 dagar før møtedatoen, og sakspapir skal vere utsendt seinast 7 dagar før møtedatoen. Det skal leggjast fram ein møteplan på første ordinære møte i studieåret.

§ 4-2 Rettar og plikter for møta i Studentparlamentet

§ 4-2-1 Møteplikt – å ha plikt til å møte så langt det let seg gjere:

- Faste representantar i Studentparlamentet
- Vara i fast representant sitt fråvær
- AU
- Organisasjonskonsulent
- Ordstyrar

§ 4-2-2 Møterett – å ha rett til å vere til stades i møtet:

- Alle studentar og tilsette ved HVO.
- Inviterte gjester og observatørar
- Uønskte personar kan visast bort etter enkeltvedtak

§ 4-2-3 Talerett – å ha rett til å ta ordet i møtet:

- Alle med møteplikt
- Alle med møterett

§ 4-2-4 Forslagsrett – å ha rett til å fremje eit forslag i ei sak og få det votert over i møtet:

- Faste representantar i Studentparlamentet
 - Vara med røysterett i fast representant sitt fråver
 - AU
 - Andre studentar, observatørar eller gjestar kan få forslagsrett ved enkeltvedtak
- Dei som har forslagsrett, har moglegheit til å skriftleg eller via video leggje fram si meining i ei sak dersom dei er forhindra frå å delta på møtet.

§ 4-2-5 Røysterett – å ha stemmerett i saker som skal opp til votering i møtet:

- 11 faste representantar i Studentparlamentet
- Vara i fast representant sitt fråvær
- Sjå § 4-4 for reglar ved røysteliskap.

§ 4-2-6 Saksfremjingsrett – å setje ei sak på sakslista og fremje saka i møtet:

- Studentparlamentet sine medlemmar, både faste representantar og varaer
- AU
- Andre kan få saksfremjingsrett ved enkeltvedtak

Fristar for å melde ordinære saker til sakslista framgår i § 4-1. Studentar med saksfremjingsrett kan også melde opp saker til «eventuelt»-posten under godkjenning av sakslista i møtet. Desse sakene blir då diskutert, men ikkje gjort vedtak i, jf. parlamentet sin forretningsorden.

§ 4-3 Møtegjennomføring

AU, i samarbeid med organisasjonskonsulenten, har ansvar for at sakspapira blir sendt ut til Studentparlamentet sine medlemmar (representantar og varaer), og

eventuelt andre partar innan gjeldande fristar, jf. §4-1. Organisasjonskonsulent skal føre referat frå alle møter, med mindre det blir delegert til andre.

For at møter i Studentparlamentet skal vere vedtaksdyktige, må minst 2/3 av medlemmane med røysterett vere til stades. Møta kan vere både fysiske, digitale, eller ein kombinasjon.

§ 4-4 Votering og røstelikskap

Ordstyrar i møtet styrer voteringsform og voteringsorden, jf. Studentparlamentet sin forretningsorden. Val blir gjort som urneval (skriftleg/hemmeleg val) dersom ein av dei stemmeberettiga bed om det. Personval blir som hovudregel gjort som hemmeleg val. Teljekorps blir valt ved starten av møtet, og består av to personar. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal der ikkje anna er nemnt.

Ved røstelikskap vert det først gjennomført omval. Om også dette endar med røstelikskap, får alle studentar som er til stades i rommet røysterett, forutan sekretariat og ordstyrar. Om heller ikkje dette omvalet avgjer saka, blir saka utsett til neste møte.

§ 4-5 Ekstraordinært møte

Det kan kallast inn til ekstraordinært møte i Studentparlamentet ved særleg viktige saker dersom eit alminneleg fleirtal av representantane, eller eit samrøystes AU, ønskjer det. Eit slikt møte skal kunngjerast seinast ei veke før møtet, og sakspapira skal gjerast tilgjengeleg for representantane seinast tre dagar før møtedagen.

§ 5 Arbeidsutvalet – AU

§ 5-1 Samansetning og formål

Arbeidsutvalet (AU) er Studentparlamentet sitt dagleg arbeidande organ og førebur saker for Studentparlamentet. Dei skal ha ein arbeidsomtale som er godkjent av Studentparlamentet. Dei ulike arbeidsomtalanane er opne for revidering kvart år. AU består av fem verv; leiar, fagansvarleg, velferdsansvarleg, informasjonsansvarleg og internasjonalt ansvarleg. Studentparlamentet vel ein nestleiar blant medlemmane i AU.

Medlemmar av AU må vere registrert student hjå Høgskulen i Volda.

Medlemmar i AU kan ikkje inneha verv i Høgskulestyret samstundes som ho/han sit som medlem i AU. Leiar i AU kan ikkje inneha verv i styret i Studentsamskipnaden i Volda samstundes som ho/han sit som leiar i Studentparlamentet.

§ 5-2 AU sitt verkeområde

AU skal gjennomføre tilstrekkeleg med møter til å drive god saksførebuing av alle saker i Studentparlamentet, og halde den daglege drifta av organisasjonen i gang. AU innstiller i sakene som blir lagt fram for Studentparlamentet. Sakene kan, der det er høveleg, sendast på høyring før handsaming i Studentparlamentet.

AU sørgjer for at vedtak fatta i Studentparlamentet vert følgt opp og gjennomført, og skal bruke økonomiske og personalmessige ressursar i samsvar med Studentparlamentet sine styringsdokument. AU legg fram årsmelding med rekneskap for kvart kalenderår for Studentparlamentet. AU legg fram sak om endringar eller oppdateringar i organisasjonen sine styringsdokument når det er behov for det,

§ 5-3 Funksjonstid

Eit medlem av AU sit i si stilling fram til nytt val vert gjennomført i Studentparlamentet. Unntak er dersom eit medlem sjølv trekkjer seg tidlegare, eller av årsaker nemnt under ikkje kan inneha vervet:

- a) Dersom eit medlem av AU blir stilt mistillit til, og dette får fleirtal i Studentparlamentet, fyljer prosedyrer nedfelt i § 6.
- b) Dersom eit medlem av AU sluttar som student ved HVO, må vedkomande trekkje seg frå vervet sitt. Vedkomande vil inneha vervet til suppleringsval og overlappingsperiode er gjennomført.

Avtroppande AU-medlemmar skal sikre kontinuitet og gode overgangar ved val av nye medlemmar i AU. Av- og påtroppande medlemmar i AU skal delta likestilt i ein overlappingsperiode som går over ein månad, med start i valdatoen. Føremålet er opplæring av nye medlemmar.

§ 5-4 Møtegjennomføring i AU

AU styrer sjølv korleis dei driv interne møter, men skal som hovudregel møtast ein gong i veka. Det skal skrivast referat frå AU-møta. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad, med unntak av personalsaker eller anna fortruleg informasjon.

§ 6 Mistillit

§ 6-1 Mistillit til verv i Studentparlamentet

Å delta i studentdemokratiet er eit tillitsverv. Medlemmar/varamedlemmar i Studentparlamentet, AU, eller studentar valde av Studentparlamentet til verv i råd og utval, kan bli stilt mistillitsforslag til i parlamentet. Vedkomande kan då verte løyst frå vervet og erstatta av ein person valt av Studentparlamentet, dersom mistillitsforslaget får naudsynt fleirtal (jf. § 6-2). Den som det blir stilt mistillit til, skal få høve til å uttale seg.

§ 6-2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreiding

Mistillit må verte vedteke med 3/4 fleirtal av Studentparlamentet. Dette kan skje på eit ordinært parlamentsmøte, eller eit ekstraordinært møte, jf. § 4-5. Vedtak om mistillit skal skje bak lukka dører, og avstemminga skal vere skriftleg og anonym. Saker om mistillit skal unndragast offentlege referat.

Vedkomande som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette minst ei veke før voteringsmøtet. AU vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen, med mindre dette møter motstand i Studentparlamentet.

Dersom ein fråtrer vervet, vil første vara automatisk bli hovudrepresentant for resten av perioden. Dersom representanten/utvalsmedlemmet ikkje har vararepresentant, eller sit i AU, og det er meir enn to møter igjen av studieåret, skal det haldast suppleringsval, jf. Studentparlamentet sitt valregelement § 1-5.

§ 7 Organisasjonskonsulent

Organisasjonskonsulenten utgjer Studentparlamentet sitt sekretariat, og har det daglege, administrative ansvaret for organisasjonen. Organisasjonskonsulenten er

tilsett av Høgskulen, som har arbeidsgjevaransvaret for vedkomande. Høgskulen utarbeider stillingsomtale for organisasjonskonsulenten i samarbeid med leiar og nestleiar i AU. Stillingsomtalen må godkjennast av AU i Studentparlamentet.

Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studentparlamentet i samråd med Høgskulen.

§ 8 Tillitsvalde

Kvart heiltids studieprogram (årseining, bachelor- og mastergrad), vel ein tillitsvald og ein varatillitsvald for klassen/kullet. Valet kan gjennomførast ope, men skal gjennomførast som urneval om nokon i valkrinsen bed om det. Dei tillitsvalde vert valde for eit studieår. Tillitsvalde kan be om attest for vervet.

Tillitsvalte arbeider for å ivareta studentane sine interesser på avdelings- og institusjonsnivå. Dei skal også informere medstudentar på studiet om informasjon frå høgare studentorgan.

§ 8-1 Studentrådet

Studentrådet er et forum for tillitsvalte ved HVO. Det skal gjennomførast minst eitt møte kvart semester. Ansvar for planlegging, invitasjon, mobilisering og gjennomføring av møtet ligg hos fagansvarleg i AU i Studentparlamentet.

Alle tillitsvalde ved HVO har møteplikt. Personleg vara skal tilkallast etter høve. Møta blir leia av fagansvarleg i AU. Studentparlamentet sitt AU er invitert som gjestar, og AU kan også invitere andre gjestar. Alle studentar ved HVO har møterett, talerett og forslagsrett, men berre dei tillitsvalde har røysterett.

§ 9 Fadderveka

Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan søkje seg til styret for Fadderveka. AU har ansvar for søknadsprosessen og tilsetjing av Fadderstyret. Fadderstyret består av seks verv: leiar, nestleiar, sponsoransvarleg, PR-ansvarleg, arrangementsansvarleg og fadderansvarleg.

§ 10 Samarbeidsavtale mellom Studentparlamentet og Høgskulen i Volda

Studentparlamentet skal til ei kvar tid ha ein gjeldande samarbeidsavtale med Høgskulen i Volda som regulerer samarbeid, forplikingar og ansvarsoppgåver mellom partane. Avtalen regulerer også dei overordna, økonomiske rammene for Studentparlamentet med tanke på driftsbudsjett og satsar for honorerte verv.

AU har mynde til å reforhandle avtalen på vegne av Studentparlamentet, og skal så lagt det let seg gjere forankre dette arbeidet i parlamentet.